

Dokumentasjonsvedlegg for freding av Mølltunet, Møllsbygda i Geiranger, Stranda kommune

Del 1: Eksteriør



Innhold

BRUK NR. 1.	6
BYGNING NR. 1. STOVEHUS.....	6
BYGNING NR. 2: STABBUR.....	9
BYGNING NR. 3: LØE med tilbygg.....	12
BYGNING NR. 4: TØRKESTOVE,.....	15
BRUK NR 2	17
BYGNING NR. 1, STOVEHUS,.....	17
BYGNING NR. 2, STABBUR, «Nystøve».....	21
BYGNING NR. 3, LØE.....	24
BRUK NR. 3.	28
BYGNING NR. 1. RØYKSTOVE.....	28
BYGNINGS NR. 2: NYSTOVE/BUD	32
BYGNING NR. 3. MASSTOVE	36
BYGNINGS NR. 4. LØE	38
UTEOMRÅDET.....	43

Mølltunet.

Klyngetun, gard nr. 112, inneheld bruk nr 1,2 og 3.

I følgje Bygdebok II Sunnylvn og Geiranger - Gard og ætt, er det i skattelister og jordebøker opplysningar om at garden i 1603 er odelsgard. Det var to bruk fram til 1780, då vart jorda på bruk nr. 2 delt i to, Botolvjorda og Rasmusjorda. Jorda på gard nr. 112 vart aldri utskifta så teigane ligg framleis delvis om kvarandre.

Mølltunet er ein gard frå fjord til fjell, med naust ved fjorden og utløer og setrar på fjellet. Både bygningar og rester etter bygningane er viktig for å få ei heilskapleg forståing av Mølltunet.

Gardsdrift

Gardane hadde hest, storfe, geiter og sauer. Det vart vesentleg dyrka havre og bygg. Under krigen vart det også dyrka kveite, sukkerroe og tobakk. Dei dyrka også frukt, plomme, pærer og sær mange sortar eple.

Andre hus og ruinar som er knytte til Møll

På Grande ligg det tre eldre naust bygd i naturstein, eit til kvart bruk på Møll. På Bruabakkjen er det eit kvernhus, og fram på Legane ligg ei utløe. På Møllsætra er der murar etter fire seterhus. Seterhusa vart tekne av trykket frå eit snøskred i 1977. Oppe i Gråsteinsdalen ligg restar etter ei seter som også høyrer til Møll, Gråsteinsætra, der er det tre murar etter seterhus. I tillegg nokre små oppmura rom, med natursteinsmur på tre sider og ei stor steinhelle til tak, noko som gav ly til ei geit, ein sau eller gris. Denne setra vart brukt midt på sommaren. Usikkert når denne setra vart nedlagt. Men ein har sikre opplysningar om at den var i bruk tidleg på 1900-talet. Nedanfor Grandesætra er det restar etter torvløer som høyrer til Møllgardane. I Møllsdalen ligg rester etter sju utløer. Det er også tre nyare hus knytte til Møll. Våningshus til bruk nr. 3, og fellesfjøs/ geitefjøs for alle tre bruka, og ei garasje som høyrer til bruk nr.1. Jorda og geitefjøsen er utleigd.

Overordna beskriving av tunet

Mølltunet består av ei rekke bygningar frå 1700-talet og fram til 1905. Som heilskapleg kulturmiljø med einskilde bygningar av varierende alder, har tunet høg verneverdi som kjelde til kunnskap og dokumentasjon. Ti av bygningane ligg i ei tett klynge i ei sørvendt li med relativt bratt terreng. Dei tre stovehusa ligg i ei tett rekke med korte avstandar i mellom husa. Innanfor eit område på ca. 35 x 80 meter ligg det 10 bygningar– den lengste er 18 meter lang.

Som den fjerde bygninga i denne rekka ligg stabburet i Utigard rett vest for stovehuset med berre ein smal passasje imellom.

Nystova til Bøtelbruket ligg rett sør for stovehuset på bruket. Også her er det berre ein smal passasje mellom bygningane. Samanbygt nystove/bod og masstove til Framigard ligg på ei rekke nord for stovehuset til bruket.

Løene ligg på ei rekke lengst sør på tunet med Bøtelløa lengst aust og Framigardsløa litt lenger vest, medan Utigardsløa ligg lengst vest i tunet, rett sør for Utigardsstabburet og vidare vestover. Frå vestenden av Utigardsløa til austenden av Framigardsstova, som er det austlegaste huset i tunet, er det ca. 80 meter. Frå nordveggen på nystove/bod som ligg lengst mot nord i tunet, til sørenden på Framigardsløa som ligg lengst sør er det ca. 35 meter.

Dei tre løene er bygde i tradisjonell grindkonstruksjon med lafta fjøs. Løe-bygningane er kledde utvendig med ståande, kantskorne bord sett kant i kant (låvepanel). Utigardsløa har taktekking av bølgeblekk, Bøtel-løa har ei taksida med bølgeblekk og den andre med ei nyare type korrugerte metallplater. Framigardsløa har taktekking av torv på grunnmurplast. Dei sju andre bygningane i tunet er i hovudsak bygt i lafta tømmer med innslag av stavverk. Dei tre stovehusa har alle ei røykstove med ope rom til sperretaket og med ljore som sentralt «hovudrom».

Stovehusa i Utigard og Bøtel er svært like i planløyising og oppbygging. Begge har ei tverrfløy over hovudinngangen som framstår som ei høg ark i sørfasaden. Dette er typisk for stovehus frå denne perioden i Storfjordsområdet, men helst i ei noko mindre utgåve på «inngangssida» av huset. Tverrfløyene på dei to stovehusa i Mølltunet inneheld loftsrom og har trapp frå gangen under. Begge stovehusa er utvendig kledde med liggande, dobbeltfalsa trepanel. Det tredje stovehuset, Framigardstova/Rasmusstova er av ein eldre bygningstype og er utan ark eller tverrfløy. Stova er utan utvendig bordkledning på tømmerveggane med unntak av liggande bord nedst på vegg mot nord og vest. Det er rester etter liggande breie bord nedst på lafteveggen mot sør.

Stabbur og nystover har kjernar av lafta tømmer utan utvendig kledning og svalgangar i stavverk med kledning av låvepanel. Alle tre har torvtak. Stabburet i Utigard har nevertekking med torv, medan dei to andre har torv på grunnmurplast. Masstova i Framigard har eit hovudrom i lafta tømmer utan kledning og eit forrom/gang i stavverk med låvepanel under lafta bjorlag i austgavlen. Tørkestova til Utigard er bygt med vegger av natursteinstørrmur og bjorlag i lafta tømmer utan kledning. Taket har tekking av torv på grunnmurplast.

Hageanlegget inneheld ein bær- og frukthage med eldre tre, sør for bygningane i tunet. Resten av marka i tilknytning til Mølltunet er slåtteenng/beitemark med eldre vegfar, røyser og murar samt noko vegetasjon i form av større tre.

Det finst mange eldre bilete av Møllstunet i Norsk Folkemuseum sitt arkiv. Bileta finst på adressa http://www.nb.no/cgi-bin/galnor/gn_sok.sh?context=0&offset=0&skjema=0&type=e&tittel=m%F8ll&Start=S%F8k&fm=1&limit=20&user_offset=1.

MØLLTUNET, BRUK NR. 1, UTIGARD.



Bruk nr. 1, Utigard. 1= Stove, 2= Stabbur, 3= Løe, 4= Tørkestove, 5= Garasje (ikkje foreslått freda)

BRUK NR. 1.

BYGNING NR. 1. STOVEHUS med kårende, Utigard

Sefrak nr. 1525 0014 029, Registrert 26.juli 1982 av Tor Aamodt. Byggeår er markert som sikker opplysning til 1870. Som kjelde er oppgitt innskrift i ljoren i røykstova "1870 L.P.O.S.M". Bokstavane LPOSM står for Lars Petter Olsson Møll (1838 -1904), som var byggherre i 1870. Bygget har ei grunnflate på 5,8 x 17,6 meter, i ein etasje med høg midtark. Huset fekk bygd til bislag mot nord ca. 1950.

FASADAR:



Fasade mot sør.



Fasade mot nord.




Fasade mot aust.



Fasade mot vest.

PLANSKISSE:



LOKALISERING: Del av klyngetun.

PLASS I TUNET: Nord i tunet.

TILHØVE TIL ANDRE BYGNINGAR: Aust for stabburet og vest for stovehuset på bruk nr. 2.

OMGIVNADER: Ligg mot nord i klyngetunet.

UTEOMRÅDE VED BYGNINGA: Dyrka mark mot nord.

TERRENG/VEGAR: Særs skrått terreng. Gardsveg, stiar og trapper mellom husa.

MURAR/TRAPPER: Terrenghmur, natursteinsmur mot sør, som utgjer eit platå framfor huset; natursteinstrapper frå gardsveg og opp til platået. Også mura sti opp til platået. Slak trapp mellom stabbur og stove.

TRE/PLANTER: Ingen.

EKSTERIØR/HOVUDKONSTRUKSJON: Laft kledd med liggande panel.

GRUNNMUR/UTVENDIGE TRAPPER: Grunnmur, natursteinsmur med bindemiddel. Natursteinstrapp med to trappeløp frå platået og opp til inngangsdør, eit trappeløp mot aust og eit mot vest. Sjå fasadefoto mot sør.

KONSTRUKSJON/YTTERVEGG: Laft.

FASADEKLEDNING/PANEL: Horisontalt, dobbeltfalsa trepanel

TAKFORM/TAKKONSTRUKSJON: Saltak, sperretak.

TAKTEKKING: Torv lagt på grunnmursplast/vortepapp, never i ytterkantane.

SKORSTEIN: Ein skorstein. Ei ljore, kledd igjen.

VINDAUGE, YTTERDØR M/OMRAMMING: For vindauge, sjå tekst for kvart rom. Tre ytterdører med omramming. Dobbeldør i hovudinngangen. Ei ytterdør i bislag, kjøkkeninngang og ei i bislag til kårenden.

UTSJÅANDE/STILTREKK: Tradisjonell sunnmørsstove.

BYGNING NR. 2: STABBUR, Utigard.

Sefrak nr: 1525 0014 030, registrert 26.juli 1982 av Tor Aamodt.

Dateringa er usikker, men sett til 1800-talet. I merknadsrubrikken er påført: "først på 1800-tallet?". Som lokal nemning på huset er oppgitt nystove. "Grunnetasjen" har tidlegare vore nytta til saue-/geitefjøs, samt kvigefjøs.

Stabburet har ei grunnflate på 7,2 x 7,3 meter i halvannan etasje. Huset skal vere flytta til Utigard, kanskje frå Årset (høgare oppe i Møllsbygda). Ferdig restaurert 2015.



Fasade mot sør



Fasade mot aust




Fasade mot nord og vest



Underetasje mot sør

PLANSKISSER:



LOKALISERING: Del av klyngetun.

PLASS I TUNET: Nord-vest i tunet.

TILHØVE TIL ANDRE BYGNINGAR: Vest for stovehuset på bruket.

OMGIVNADER: Ligg i utkanten av klyngetunet, mot nord-vest

UTEOMRÅDE VED BYGNINGA: Dyrka mark mot nord og vest.

TERRENG/VEGAR: Skrått terreng. Gangveg opp til stovehuset

MURAR/TRAPPER: Terrengmur, trapp mellom stabburet og stova.

TRE/PLANTER: Ingen.

EKSTERIØR/HOVUDKONSTRUKSJON: Laft og stav.

GRUNNMUR/UTVENDIGE TRAPPER: To utvendige steintrapper inn til stabburet. Ei på nordsida og ei i sør inn til rom i underetasjen. Grunnmur, natursteinsmur utan bindemiddel.

KONSTRUKSJON/YTTERVEGG: Vesentleg laft, stav i svalgangane. Tømmer med mage i underetasjen.

FASADEKLEDNING/PANEL: Ytterkledning på svalene og gang, ståande kantskorne bord kant i kant.

TAKFORM/TAKKONSTRUKSJON: Saltak, sperretak ligg på laftekassa.

TAKTEKKING: Torv som ligg på never.

SKORSTEIN: Ingen

VINDAUGE, YTTERDØR M/OMRAMMING: Fem vindauge. To ytterdører.

UTSJÅANDE/STILTREKK: Tradisjonell byggeskikk, sunnmørsstabbur.

BYGNING NR. 3: LØE med tilbygg, Utigard

Sefrak nr.1525 0014 031, registrert 26.juli 1982 av Tor Aamodt.

Byggeår er oppgitt til ca. 1890 med Lars Petter Olsson Møll (1838-1904) som byggherre. Grunnflata er på 8,5 x 18,5 meter. Bygget inneheld løe, fjøs og to stallar. Den eine stallen ligg delvis inne i låven og delvis i tilbygget. Tilbygg, reiskapsbu, utedo mot vest.



Fasade mot sør



Fasade mot nord og aust




Fasade mot vest




Tredelt låvedør, mot nord

PLANSKISSE:



Planskisse 1. etg., låve, to stallar, reiskapsbu og utedo.



Planskisse underetasje, fjøsgang, sauefjøs og kufjøs.

LOKALISERING: Del av klyngetun.

PLASS I TUNET: Sør-vest i tunet.

TILHØVE TIL ANDRE BYGNINGAR: Sør for stabburet på bruket.

OMGIVNADER: Ligg i utkanten av klyngetunet.

UTEOMRÅDE VED BYGNINGA: Dyrka mark mot sør og vest.

TERRENG/VEGAR: Særs skrått terreng, gardsveg.

MURAR/TRAPPER: Utvendig låvebru. Trapp ned til fjøs

TRE/PLANTER: Eit stort tre på hjørne mot sør-vest

EKSTERIØR/HOVUDKONSTRUKSJON: Grindløe med inntrekt grind og med sidesvaler. Fjøs har natursteinsmur.

GRUNNMUR/UTVENDIGE TRAPPER: Gråsteinsmur med bindemiddel. Låvebru, steintrapp ned til fjøsgang.

KONSTRUKSJON/YTTERVEGG: Grindkonstruksjon. Fjøs har gråsteinsmur med bindemiddel.

FASADEKLEDNING/PANEL: Bord kant i kant, låvepanel.

TAKFORM/TAKKONSTRUKSJON: Saltak, sperretak, skeivtekt.

TAKTEKKING: Bølgjeblekk.

SKORSTEIN: Ingen

VINDAUGE, YTTERDØR M/OMRAMMING: Fire vindauge i fjøs, eit mot aust, eit mot vest og to mot sør. Åtte små runde glugger. Sju dører, opent inn til gjødselkjellar.

UTSJÅANDE/STILTREKK: Enkel, tradisjonell grindløe-bygning.

BYGNING NR. 4: TØRKESTOVE, Utigard.

Sefrak nr. 1525 0014 032, registrert 26.juli 1982 av Tor Aamodt.

Dateringa er usikker, men sett til 1800-talet. Bygninga har ei grunnflate på 2,2 x 2,8 meter og er i ein etasje. Tidlegare brukt til å tørke korn, seinare til røyking av fisk og kjøt.



Fasade mot aust



Fasade mot sør og vest




Fasade mot vest



Fasade mot aust

PLANSKISSE



LOKALISERING: Ligg utanfor tunet.

PLASS I TUNET: Ligg utanfor tunet, sjå kart.

TILHØVE TIL ANDRE BYGNINGAR: Ingen.

OMGIVNADER: Ligg vest for klyngetunet .

UTEOMRÅDE VED BYGNINGA: Riksvegen, Ørnevegen mot sør, dyrka mark mot vest, nord og aust.

TERRENG/VEGAR: Særs skrått terreng. Sti til bygninga.

MURAR/TRAPPER: Terrengmur av gråstein. Oppmurt sti.

TRE/PLANTER: Småskog rundt.

EKSTERIØR/HOVUDKONSTRUKSJON: Stein, tørrmur.

GRUNNMUR/UTVENDIGE TRAPPER: Stein, tørrmur

KONSTRUKSJON/YTTERVEGG: Stein, tørrmur, laft i møna/bjorlag.

FASADEKLEDNING/PANEL: Ingen

TAKFORM/TAKKONSTRUKSJON: Saltak, sperretak.


TAKTEKKING: Torv lagt på grunnmursplast/vortepapp, never i ytterkantane.

SKORSTEIN: Ingen. Røykluke i mønet mot aust.

VINDAUGE, YTTERDØR M/OMRAMMING: Luke mot aust.

MØLLTUNET

BRUK NR 2; BØTEL



Bruk nr. 2. 1: Stovehus 2: Stabbur, 3: løe

BYGNING NR. 1, STOVEHUS, stove/røykstove, Bøtel,
Sefrak nr: 1525 0014 033, registrert 26.juli 1982 av Tor Aamodt.

Byggeåret er markert som sikker opplysning til 1861. Som kjelde er oppgitt innskrift ved vindauge "1861 B P S M". Initialane står for Botolf Pettersen Møll (1829 – 1905). Som byggherre er oppgitt Petter Botolvsson Møll (1802 – 1872) og sonen (Botolf Pettersen). Bygninga har ei grunnflate på 5,5 x 11,7 meter i ein etasje med høg ark mot vestenden. Stova er samanbygd med masstova vest for (1525 014 034). Huset fekk eit tilbygg mot nord ca. 1950-60.

Byggeåret er oppgitt som sikker opplysning til perioden 1800-1824 med merknad: "opprinneleg truleg 1815". Byggherre er oppgitt som usikker opplysning Petter Bottolfson Møll. Petter Bottolvsson var født i 1802. Dersom byggeåret 1815 er rett, er det meir truleg at far til Petter Bottolvsson, Botolv Toresson (1773 – 1831) var byggherre.

Bygninga har ei grunnflate 4,1 x 5,4 meter i ein etasje. Som nemnt er den samanbygt med stovehuset austanfor.

FASADAR:



Fasade mot sør




Fasade mot sør og aust



Fasade mot nord og vest

PLAN HOVUDETASJE, teikning i målestokk 1:100



LOKALISERING/OMGIVNADER: Del av Møllstunet, ligg i Møllsbygda i Geiranger.

LOKALISERING: Del av klyngetun.

PLASS I TUNET: Ligg midt i klyngetunet. Aust for Utigardstova, bruk 1, vest for Framigardsstova (Rasmusstova), bruk nr 3 og sør for Masstova, bruk nr 3.

OMGIVNADER: Ligg inne i klyngetunet.

UTEOMRÅDET VED BYGNINGENA: Stiar og trapper mellom husa.

TERRENG/VEGAR: Særs skrått terreng, stiar og trapper.

MURER/TRAPPER: Terrengmur opp til første etasje, mot nord og vest. To trapper opp til inngangsparti. Ei frå terreng og ei frå inngang i underetasjen i Nystova.

TRE/PLANTER: Rosebed nedanfor trappa.

GRUNNMUR/UTVENDIGE TRAPPER: I hovudsak natursteinsmur med bindemiddel. Mot nord, vest og i vestenden av sørveggen er det støypt med betong utanpå natursteinsmuren.

KONSTRUKSJON YTTERVEGG: I hovudsak lafteverk med unntak av gang nord for masstove og bislag som er i stavverk og bindingsverk.

FASADEKLEDNING/PANEL: Horisontal trepanel med høvla kantprofil, dobbelfals (Ålesundsfals) med unntak av vestenden på sørveggen (sørveggen på masstove) som er ukledd lafteverk (tømmer).

TAKFORM/TAKKONSTRUKSJON: Saltak i hovudsak med møne i aust/vest retning. Tverrfløy mot midten med møne i nord/sør retning.

TAKTEKKING: Tverrfløya har papptekking. Fløya aust for tverrfløya har skifer-tekking og fløya vest for midtfløya har eternit-tekking.

SKORSTEIN: To skorsteinar og ein ljore.

VINDAUGE, YTTERDØRER M/OMRAMMING: Ni vindauge og to ytterdører.

UTSJÅANDE/STILTREKK: Tradisjonell byggeskikk, sunnmørsstove.

BYGNING NR. 2, STABBUR, «Nystøve».

Sefrak nr. 1525 0014 035, registrert 26.juli 1982 av Tor Aamodt.

Tidfestinga er usikker. I merknaden er det opplyst at nystova er eldre enn røykstova på bruket som er frå 1861. Under lokal nemning på huset er oppgitt nystove/bod. Bygninga har ei grunnflate på 5,7 x 5,9 meter, to etasjar og loft.

FASADER:



Fasade mot sør.



Fasade mot nord, bygning til høyre




Fasade mot aust.



Fasade mot vest.

PLANSKISSER:



LOKALISERING: Del av klyngetunet

PLASS I TUNET: Ligg midt i klyngetunet

TILHØVE TIL ANDRE BYGNINGAR: Vest for løa på bruk 3. Halve endeveggen mot nord ligg inntil sørveggen på våningshuset.

OMGIVNADER: Ligg midt i klyngetunet.

UTEOMRÅDE VED BYGNINGA: Mot sør ligg stabburet inntil enden på bilvegen som går inn i tunet. Mot vest ligg det inntil terrengmur for bruk nr 1, og mot øst terrassert gardsrom. Mot nord delvis inntil stovehuset på bruket og inntil terrengmur.

TERRENG/VEGAR: Særs bratt terreng. Enden på bilveg mot sør, stiar mellom husa.

MURAR/TRAPPER: Hellelagt (tjukke steinheller) platå utanfor inngang mot aust. Litt terrassert terreng mot aust. Tørsteinsmur i bakkant av stabburet, mot nord. Bakre kant av «nystøva» ligg delvis oppå muren.

TRE/PLANTER: Mellom vegen og sørenden på stabburet er det eit lite steinbed med rabarbra og diverse pryddplanter. Et prydtre står på hjørnet mot sør aust.

GRUNNMUR/UTVENDIGE TRAPPER: Grunnmur tørrsteinsmur som går over i terrengmur mot aust. Muren ligger på eit skrått berg. Jernboltar er bora ned i berget for å holde muren på plass. Betongtrapp frå hellelagt platå utanfor inngang mot sør opp til inngangsparti på våningshuset.

KONSTRUKSJON/YTTERVEGG: Laft og stav. Lafta kjerne mot sør med stav i sval mot øst og vest og gang mot nord. På nystøveloftet går tømmeret heil bak i bygginga, mot nord. Open sval i 1. etg.

FASADEKLEDNING/PANEL: Ståande bord kant i kant på svalene og gangen i 2.etg. Mot nord kjem tømmer fram i møna, horisontalt panel, kantskoren supanel nedanfor tømre og på vestsida av døra. På aust sida av døra er det ståande bord kant i kant med ei tak-plate i metall, den ligg på nedre del av veggen, denne delen av veggen ligg inn til våningshuset.

TAKFORM/TAKKONSTRUKSJON: Saltak, sperretak.

TAKTEKKING: Malt bølgeblikk mot aust, mot vest, moderne korrugerte metall takplater.

SKORSTEIN: Ingen

VINDAUGE, YTTERDØR M/OMRAMMING: 3 vindauge mot sør og eit mot nord. Utvendig står karmen rett i tømre utan omramming. Vindauge mot sør i 2.etg. har profilert omrammingslist. Vindauge i 1. etg. mot sør, er spikra igjen.

UTSJÅANDE/STILTREKK: Tradisjonelt sunnmørsk stabbur.

BYGNING NR. 3, LØE, Bøtel.

Sefrak nr 1525 0014 036, Registrert 27.juli 1982 av Tor Aamodt.

Byggeåret er oppgitt som sikker opplysning til 1905. Som kjelde er vist til innskrift i stein med årstalet 1905. Som byggherre er oppgitt Petter Botolfsson Møll (1855 – 1945). Byggearbeidet blei utført av ein frå Hellesylt og ein frå Gudbrandsdalen. Materialen som blei brukt kom frå Skjåk. Bygninga har ei grunnflate på 8,2 x 14,8 meter. Tilbygget er bygd i 1982.

FASADER:



Fasade mot vest.



Fasade mot aust.




Fasade mot sør




Årstal hogge inn i ein av steinane i mur mot sør.

PLANSKISSER: Løe, oppmålt av Brit O. M. Hansen og Jens Peter Ringstad



Låve og stall



Fjøs

LOKALISERING: Del av klyngetun

PLASS I TUNET: Sør-aust i tunet

TILHØVE TIL ANDRE BYGNINGAR: Sør for stova på bruk nr 3 og aust for løa til bruk 3.

OMGIVNADER: Ligg i utkanten av klyngetunet.

UTEOMRÅDE VED BYGNINGA: Dyrka mark mot sør og aust.

TERRENG/ VEGAR: Særs skrått terreng. Stiar mellom husa.

MURAR/TRAPPER: Utvendig låvebru delvis hellelagt.

TRE/ PLANTER: Ingen.

EKSTRIØR/HOVUDKONSTRUKSJON: Grindkonstruksjon. Laft i stall og fjøs.
Natursteinsmur i gjødselkjellar. Utvendig kledning, låvepanel.

GRUNNMUR/UTVENDIGE TRAPPER: Grunnmur solid tørsteinsmur. Låvebru i stein.

KONSTRUKSJON/YTTERVEGG: Grindkonstruksjon i løe, tømmer i fjøs og stall ca. 10 cm tjukk.

FASADEKLEDNING/PANEL: Bord kant i kant (låvepanel) 1" med varierende bredde. Fjøs ingen kledning.

TAKFORM/TAKKONSTRUKSJON: Saltak, sperretak. Pulttak på tilbygg.

TAKTEKKING: Bølgeblekk mot vest, måla raude, moderne takplate mot aust.


SKORSTEIN: Ingen.

VINDAUGE, YTTERDØR M/OMRAMMING: Vindauge i stall (mot vest) utan omramming. Fire vindauge i fjøs, to mot sør og to mot aust, utvendig ingen omramming. Dør inn til stall, løe, fjøs og to til sauefjøs. Sjå bilde og beskriving under kvart rom.

UTSJÅNAD/STILTREKK: Enkel, tradisjonell grindløe-bygning.

MØLLTUNET

BRUK NR. 3, FRAMIGARD, RASMUSBRUKET,



Bruk nr. 3. 1= Stove 2= Nystove/bud, 3= Masstove 4= Løe

BRUK NR. 3.

BYGNING NR. 1. RØYKSTOVE, Framigard, Rasmusstova.

Sefrak nr. 1525_0014 037, Registrert 27.juli 1982 av Tor Aamodt.

Tidfestinga er opplyst som sikker frå perioden 1725-1749. I merknadsrubikken står ca. 250 år med eit spørsmålsteikn. Bygninga blei flytta frå Sunnylvn, enten frå Helset eller Helbostad i perioden 1775 – 1799 (årstal usikkert).

Som byggherre på Møll er oppgitt Rasmus Møll. I SEFRAK-skjemaet er opplyst at dette var oldefar til eigar i 1982, Leif Rasmusson Møll. Oldefaren heitte Rasmus, men var født i 1842. Her har vore fire med namn Rasmus Møll som har vore brukarar. Dersom opplysninga om at huset blei sett opp på Møll på slutten av 1700-talet stemmer, kan Rasmus Pedersson (1771 – 1847) vere byggherren. Han tok over som brukar i 1791.

Bygninga har ei grunnflate på 5,3 x 10,7 meter i ein etasje med loft i kvar ende. Mot aust er eit tilbygg, ei bod på 1,7 x 3,7 meter.



Fasade mot nord og vest.



Fasade mot sør.



Fasade mot aust.



Fasade mot nord-aust.




Inngangsdør mot vest.




Vindauge mot sør, med restar etter vindaugslemmer som kunne skuvast opp framfor vindauge.

PLANSKISSER: Oppmålt av Idar Mølsæter; 1971



1. Etasje.



Loft mot vest rom 7, og mot aust rom 8.

LOKALISERING: Del av klyngetun.

PLASS I TUNET: Aust i tunet.

TILHØVE TIL ANDRE BYGNINGAR: Sør for Nystova på bruket. Aust for stova på bruk nr 2, og nord for løa på bruk nr 2.

OMGIVNADER: Ligg i utkanten av klyngetunet.

UTEOMRÅDE VED BYGNINGA: Dyrka mark mot aust.

TERRENG/VEGAR: Stiar og trapper mellom husa.

MURAR/TRAPPER: Terrengmurar, natursteinstrapp opp til huset.

TRE/PLANTER: Blomsterbed ved sidan av trappa. Tre ved sør-vestre hjørne på huset.

EKSTERIØR/HOVUDKONSTRUKSJON: Vesentleg laft, stav i gang mot nord-vest.

GRUNNMUR/UTVENDIGE TRAPPER: Natursteinsmur, Grunnmur/ terrengmur. Mot sør og vest stikk muren ca. 60-70 cm. utanom bygninga.

KONSTRUKSJON/YTTERVEGG: Vesentleg laft. Stav i gang mot nord og vest, samt i tilbygg mot aust.

FASADEKLEDNING/PANEL: Liggande panel nedst på vegg mot nord og vest. Også restar etter liggande breie bord nedst på lafteveggen mot sør.

TAKFORM/TAKKONSTRUKSJON: Saltak, sperretak. Sperrene ligg på laftekassene.

TAKTEKKING: Torv på grunnmursplast/vortepapp med never langs kantane.

SKORSTEIN: To skorsteinar og ein ljore.

VINDAUGE, YTTERDØR M/OMRAMMING: Seks vindauge: to mot sør, eit mot nord, eit i første etasje og eit på loft mot vest, og eit på loft mot aust. Restar etter vindaugslemmer, sjå bilde. Slike vindaugslemmar var det på alle stovene i Mølltunet. Under krigen blei lemmene brukt som «blendingsgardiner», og om vinteren for å halde kulda ute. Tre opne gluggar på tilbygg. To ytterdører, hovudinngang mot vest og inngang til kårenden mot aust.

BYGNINGS NR. 2: NYSTOVE/BUD. «Nystøva og buda», Utigard.

Sefrak nr. 1525 0014 030, registrert 26.juli 1982 av Tor Aamodt.

Dateringa er usikker, men sett til 1800-talet. I merknadsrubrikken er påført: "først på 1800-tallet?". Som lokal nemning på huset er oppgitt nystove. "Grunnetasjen" har tidlegare vore nytta til saue-/geitefjøs, samt kvigefjøs. Bygninga har ei grunnflate på 7,2 x 7,3 meter i halvanna etasje. Huset skal vere flytt til Utigard, kanskje frå Årset (høgare oppe i Møllsbygda).

Opphavleg to avskilte hus som seinare blei samanbygd. Om sommaren sov dei i «Nystøva/ buda». I nokre periodar budde dei der om sommaren, då var røykstova nytta som museum for turistane.



Fasade mot vest og sør.



Fasade mot nord og vest.




Fasade mot aust.




Trapp, vindfang.


PLANSKISSER: Oppmålt av Berge Hjørungnes i 2009



1. etg.



Lemm mot aust, rom 6.



Underetasjen.

LOKALISERING: Del av klyngetun.

PLASS I TUNET: Nord-aust i tunet.

TILHØVE TIL ANDRE BYGNINGAR: Nord for Røykstova og aust for Masstova på bruket.

OMGIVNADER: Ligg i utkanten av klyngetunet.

UTEOMRÅDE VED BYGNINGA: Dyrka mark mot nord og aust.

TERRENG/VEGAR: Særs skrått terreng. Stiar mellom husa.

MURAR/TRAPPER: Terrengmur. Steintrapp.

TRE/PLANTER: Ingen.

EKSTERIØR/HOVUDKONSTRUKSJON: Laft i rom mot vest og aust. Stav i begge, svalene mot sør.

GRUNNMUR/UTVENDIGE TRAPPER: Grunnmur av gråstein, tørrmur. Steintrapp opp til inngang mot sør.

KONSTRUKSJON/YTTERVEGG: Laft og stav

FASADEKLEDNING/PANEL: Stående bord kant i kant i svalene mot sør.

TAKFORM/TAKKONSTRUKSJON: Saltak, sperretak.

TAKTEKKING: Torv lagt på grunnmursplast/vortepapp. Never langs kantane.

SKORSTEIN: Ingen

VINDAUGE, YTTERDØR M/OMRAMMING: To vindauge mot aust, eit mot vest. To inngangsdører, ei mot nord og ei mot sør.

UTSJÅANDE/STILTREKK: Tradisjonell byggeskikk.

BYGNING NR. 3. MASSTOVE med grue og bakaromn.

Sefrak nr. 1525 0014 039, Registrert 27.juli 1982 av Tor Aamodt.

Usikker tidfesting, men oppgitt til perioden 1800–1824. I merknadsrubrikken er påført: “først på 1800-tallet?”. Grunnflate på 3,4 x 5,3 meter og har ei etasje.

FASADAR:



Fasade mot sør og aust.



Fasade mot nord.




Fasade mot vest.



Detalj i fasade mot aust.

PLANSKISSE:



LOKALISERING: Del av klyngetun.

PLASS I TUNET: Nord i tunet.

TILHØVE TIL ANDRE BYGNINGAR: Nord for våningshus på bruk 2. Vest for nystova på bruk nr.3.

OMGIVNADER: Ligg i utkanten av tunet, mot nord.

UTEOMRÅDE VED BYGNINGA: Dyrka mark mot nord og vest.

TERRENG/VEGAR: Særs skrått terreng. Gangstiar mellom husa.

MURAR/TRAPPER: Masstova ligg oppå ein terrengmur, natursteinsmur.

TRE/PLANTER: Ingen.

EKSTRIØR/HOVUDKONSTRUKSJON: Hovudsakleg lafta hus utan kledning, torvlagt saltak.

GRUNNMUR/UTVENDIGE TRAPPER: Rampe med skrå mur opp til inngangspartiet (del av terrengmur).

KONSTRUKSJON/YTTERVEGG: Tømmer i masstova og to omfar tømmer opp under taket og i mønet i gangen, stav i hjørna. Halve vegg mot nord er i tørrmur, denne danna vegg i grua og bakaromnen mot nord.

FASADEKLEDNING/PANEL: I gangen er det ståande bord kant i kant, mot aust og sør.

TAKFORM/TAKKONSTRUKSJON: Saltak, sperretak.

TAKTEKKING: Torv lagt på grunnmursplast/vortepapp med never på ytterkantane.

SKORSTEIN: Ljore i taket.

VINDAUGE, YTTERDØR M/OMRAMMING: Eit vindauge er sett rett i tømmeret utan omramming. Ingen ytterdør, kan sjå ut som om halv døropninga har hatt dør, (nedre del).

UTSJÅNAD/STILTREKK: Tradisjonell byggeskikk.

Byggeåret er markert som sikker opplysning til 1866 utan att det er oppgitt noko kjelde. I rubrikken for byggmeister/arkitekt er opplyst at det blei brukt murarar frå Skjåk. Under rubrikken andre opplysningar står det kosta 370 kr å sette opp lòa.

Bygningen har ei grunnflate på 7,8 x 13,2 meter med eit tilbygg på 2,2 x 5,0 meter mot sør i form av eit skot. Usikkert når tilbygget vart bygd. I følgje Marit Møll (80 år og med god husk) har tilbygget stått så lenge ho kan hugse. Likt med lòa til Bøtel står også denne bygningen med lengda i terrengfallet og med ein høg grunnmur av naturstein mot sør.



Fasade mot aust og nord.




Fasade mot vest.



Fasade mot sør.

Ein av inngangane til sauefjøs.

PLAN HOVUDETASJEN:



LOKALISERING: Del av klyngetun.

PLASS I TUNET: Sør i tunet.

TILHØVE TIL ANDRE BYGNINGAR: Løa ligg vest for og parallelt med løe på bruk nr 2.

OMGIVNADER: Sør-aust i tunet.

UTEOMRÅDE VED BYGNINGA: Mot sør, dyrka mark.

TERRENG/VEGAR: Skrått terreng mot aust og sør, litt terrassert mot vest. Stiar mellom husa.

MURAR/TRAPPER: Lita låvebru opphavleg mura i stein, seinare forsterka med betong i overgangen bru og inn i løa. Terrenghur sør for løa og frå hjørne på løa mot sør-vest.

TRE/PLANTER: Ingen.

EKSTERIØR/HOVUDKONSTRUKSJON: Grindløe med inntrekt grind og med sideareal. Lafta kufjøs og stein i ytterveggane på sauefjøs.

GRUNNMUR/UTVENDIGE TRAPPER: Grunnmur tørsteinsmur. Den blei i sin tid mura av ein murar for Skjåk som var kjent for å vere dyktig i faget. Låvebru i stein, øvst forsterka med betong.

KONSTRUKSJON/YTTERVEGG: Stavkonstruksjon. Den ytre stavveggen er avstiva med skråband inn til grinda.

FASADEKLEDNING/PANEL: Løa er kledd med ståande bord kant i kant, låvepanel. Halve løeveggen mot nord-vest og endeveggen mot nord, har ny kledning.

TAKFORM/TAKKONSTRUKSJON: Saltak, sperretak. Pulttak på tilbygg.

TAKTEKKING: Torv som ligg på vortepapp, never i ytterkantane. Tidlegare var taket tekt med raude pannesteinar. Denne steinen hadde lagt på taket til kyrkja i Geiranger. Tilbygget har bølgeblekk.

SKORSTEIN: Ingen

VINDAUGE, YTTERDØR M/OMRAMMING: Seks dører, to til sauefjøs, ei inn til fjøsgang, ei til kornløa, ei tredelt dør til løa og ei dobbel dør inn til tilbygget.



Dør inn til låve.



Dør inn til fjøs



Dør inn til kornløe



Dør nr 2 til sauefjøs.



Eit av vindauga i sauefjøset.

UTEOMRÅDET

Mølltunet ligg midt i den sokalla Møllsbygda i Geiranger i den søraustlege delen av Stranda kommune, 195–200 moh., tett ved den kjende turistruta Ørnevegen. Mølltunet ligg i verdsarvområdet Norsk Fjordlandskap, nordre del, Geirangerfjorden.

Mølltunet ligg i ei sørvendt li med relativt bratt terreng, og består til dels av eit hageanlegg, dels av slåtteeing. Bær- og frukthagen med eldre tre ligg sør for bygningane i tunet. Resten av marka i tilknytning til Mølltunet er slåtteeing som i dag blir nytta i hovudsak som beitemark for geiter, med enkelte større tre, og strukturar i form av røyser og murar.

Det bratte terrenget er føresetnad til det karakteristiske uttrykket til bygningsmassen som står på til dels svært høge natursteinsmurar.



Mølltunet ligg i bratt terreng med spor etter tidlegare drift. Eldre vegfar, murar, vegetasjo og rydningsrøyser er framleis synlege.



Mølltunet sett frå fjorden.



Utsyn over Geirangerfjorden. Foto: Riksantikvaren

Dokumentet er utarbeidd av Møre og Romsdal fylkeskommune i 2017 og redigert av Møre og Romsdal fylkeskommune og Riksantikvaren i 2017. Der ikkje anna er nemnd er fotografia tekne av Møre og Romsdal fylkeskommune.